

ULSBUSTUGU



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Ulsbustugu ligg i Nordherad, vest for Aabakken. Namnet vart i 1865 skrivi Ulsbostuen. John Olsen Visdal 1809-1882 og ektefella Ingebor Olsdotter Svareplassen 1808-1885 er nemnd som busette i Ulsbustugu ved barnefødslar i åra 1844-1854 før dei starta i Rustom.

Frå 1854 og i alle fall til 1857 budde Hans Jacobsen Sandneshagen f. 1829 i Ulsbustugu, han var son til Jacob Paulsen Sandneshagen f. 1802 og Kari Jacobsdotter Sandneshagen f. 1804. Hans vart 1853 gift med Eli Andersdotter Snerleeie f. 1819, i 1862 var dei i Sandneshagen. Hans og Eli hadde barna

Kari f. 1854

Anders 1855-1855

Barbro f. 1857

Rannei f. 1862

Også syster til Hans budde i Ulsbustugu, Marit Jacobsdotter f. 1826 hadde utanfor ekteskap barna

Paul Torstensen f. 1854, faren var Torsten Vasnæsset frå Aaeffjorden. Paul Torstensen Ulsbustuen flytta i 1882 til Lom, seinare til Amerika der han vart prest eller lesar, han hadde med Toline Heggerusten to barn

Kari Eriksdotter f. 1858, faren var gift mann Erik Knutsen Kathullet

Marit, barna og mora Kari budde i 1865 i Vetlberget.

I 1865 var Peder Svendsen føderådsmann med jord i Ulsbustuen. Han var tidlegare på Ulsbu, og det ser ut til at heile familien har flytta til underbruket i almenninga der han har teke att føderåd. Peder 1802-1875 vart i 1829 gift med Ingebor Olsdotter Nyrnes 1812-1889 og dei hadde barna

Ingeborg 1830-1830

Imbjør 1831-1832
Svend 1833, neste brukar
Ole f. ca. 1836
Mari f. 1840
Nils f. 1843, til Sunnmøre
Imbjør 1847-1847
Peder f. 1848, til Sunnmøre
Anne f. 1851, gift med Knut Knutsen, i nørdre Trollaldalen

Svend Pedersen Ulsbustuen vart i 1865 gift med Margrethe Paulsdotter Bottemsbrekka frå Lesja 1830-1902. dei hadde barna

Ingeborg f. 1863, til Amerika
Paul f. 1866, døvstum, budde på nordgard Valde
Mari f. 1868, til Amerika
Imbjør f. 1870, døvstum, budde på nordgard Viste
Peder 1875-1954, døvstum, budde på Lye

Margrethe selde bruket til Petter Olsen Dalen 1844-1925 frå Nyhus og seinare Dalen i Synstlien. Petter vart i 1875 gift med Kari ner-Sveum 1848-1924, dei må ha flytta til Ulsbustugu mellom 1884 og 1895. Petter og Kari hadde barna

Johannes f. 1867, til Amerika
Marit f. 1872, til New York i USA i 1891
Kari, f. 1875, til Queback i Canada i 1893
Ole f. 1882, til New York i USA i 1900
Ragnhild f. 1884, til Amerika

Pål 1895-1916, døydde av blindtarmbetennelse vel 20 år gammal I 1900 er Ulsbustugu nemnd som bygdealmenningsplass og Petter og Kari budde der saman med sonen Pål. Enkja Margarethe Paulsdotter hadde føderåd.

Petter selde bruket i 1918 til Jehans Runningen, Kari budde att der i mange år, men låg i astma. Jehans Runningen 1892-1982 var gift med Anne Groven 1896-1952, dei hadde barna

Ragnhild f. 1915, neste brukar
Bjarne f. 1922, gift med Marie Visdal
Kari f. 1924, gift med Jens Skogstad
Ragna f. 1927, gift med Pål Stokstad
Astrid f. 1930, gift med Sigurd Hølmo

*I 1930 overtok dei Groven og flytte dit, dei brukte sidan både bruka.
Ei tid budde Mathias Mork med familie i Ulsbustugu.*

*Ragnhild Groven og mannen Jo Aabakken 1906-1976 overtok
Ulsbustugu saman med Groven i 1964.*

*I 1875 var det i Ulsbustugu 1 ukse, 2 kyr, 2 kalvar, 5 sauer og 3 geit,
medan det vart sådd 1 ½ tønne bygg. Ti år før hadde dei hest også.*

*Kjelder: J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 24
Norsk Gardsbruk 1953 – 1997
K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 30
Folketelling 1865, 1875, 1900
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Ragnhild Aabakken Groven: munnleg fortald*